

Sommarklubb er moro



PÅ HESTERYGGEN: Ole Morten Kjenes (12) synest det var spanande å læra seg å ri. Torsdag fekk han full opplæring av Stine Stueland, då sommarklubben vitja hestesenteret på Hjelmås.



I HESTEKJERRA: Princess Dayo Williams (9) og Anja Marie Kjenes (9) lika seg godt i hestekjerra. Ho som leiar hesten heiter Marte Danielsen, og har sommarjobb på hestesenteret på Hjelmås. I bakgrunnen er to av dei som styrer med sommarklubben, Evy Bengtson og Alice Byrnes.

Både riding, fising, grilling og bading stod på programmet, då sommarklubben vitja Hestesenteret på Hjelmås torsdag. – Me har det kjempemoro her, seier Ole Morten Kjenes entusiastisk.

Av Hilde Gjelsvik

Fulle av forventningar og med energinivået på topp var det ein ivrig gjeng med ungar som reiste til hestesenteret på Hjelmås torsdag. Med skinande sol og kring 20 grader i lufta var forholda perfekte for ein strålende ekskursjon for dei kring 30 borna i sommarklubben.

– Til no har me ridd på hestar, sett på mange ulike dyr og til og med grilla pølser, fortel Ole Morten Kjenes ivrig.

– Du kan seia at me har det kult heile tida. Etterpå skal me

fiska og bada, stråler han forventningsfullt.

Aktive dagar

Heile denne veka har Kjenes vore blant ungane som har kosa seg på sommarklubb. I løpet av nokre få dagar har dei fått vera med på tur til både Vannkanten, Dyrkolbotn, fritidsklubben i Knarvik og til Hjelmås.

– Det har gått i eitt. Men me har storkosa oss. Det var jo ekstra kjekt for oss at sommarvarmen kom no, seier Evy Bengtson

Ho er leiar i sommarklubben

og saman med fire andre har ho ansvaret for årets sommarklubb. Bengtson fortel at sommarklubben i år går over to veker, og at dei kvar veke har med seg ei gruppe på 30 ungar.

– Det er jo eit alternativt tilbod til skulefritidsordninga, ettersom ein ikkje har det no. Det tragiske er at me får så lite midlar. Eigentleg burde me jo hatt mange fleire veker med sommarklubb, meiner leiaren.

Akkurat som på leir

Ungane er sjølv sagt heilt samde. Hadde dei fått avgjort hadde det utvilsamt vore sommarklubb heile året.

– Ja, det hadde vore gøy. Då kunne me ha bada, ridd, fiska og grilla kjempemykje, gliser Princess Dayo Williams.

Torsdag var ho heilt i hundre og stadfesta alt no kva ho skal neste sommar.

– På sommarklubb igjen vell!



KOSA SEG PÅ STRANDA: Alle dei kring 30 borna på sommarklubben var heilt i hundre, då dei fekk lov til å gå og bada på stranda på Hjelmås.



SOMMARIDYLL I SANDEN: Medan nokre bada, leika andre i sanden...



IKKJE KALDT!: Patrick Sebastian Marthinsen prøver å overbevisa om at det ikkje er kaldt i sjøen...



FEKK AURE I GARNET: Ungane på sommarklubben var heilt i hundre då dei fekk vera med Geir Styve for å fiska i vatnet på Hjelmås. Her viser brørne Marius Mjelde (9) og Sindre Mjelde (12) stolt fram fiskane dei fekk.